



Villanger & Sønner AS  
Knarvik  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/1072 - 19/9609

Saksbehandlar:  
Per Sveinar Morsund  
Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:  
20.03.2019

## Orientering om feil arealutrekning tilknytt ny bustad - gbnr 195/67 Leiknes

I samband med gjennomgang av endringssøknad har kommunen blitt merksam på det som kan sjå ut til å vere feil i utrekning av %BYA for eigedommen.

Slik vi forstår søknaden har søkar lagt til grunn heile tomtestørrelsen med fråtrekk frå areal som er sett av til nausteområde (128m<sup>2</sup>). Delar av eigedommen har også areal som er sett av til vegareal i gjeldande reguleringsplan. Det er berre areal som er sett av til bustadføremål som skal reknast med i grad av utnytting, jf. veiledar til grad av utnytting §5-8.

Ei førebels utrekning tydar på at areal avsett til bustadføremål er ca 1050 m<sup>2</sup>. Vi ber om at ansvarleg søkar tek ein gjennomgang av utrekningsgrunnlaget og sender inn oppdaterte opplysningar om dette. Det kan sjå ut til at 25 %BYA for eigedommen ligg ein stad mellom 230 – 240 m<sup>2</sup>, noko som er omtrent tilsvarande den bygginga som per i dag er godkjent.

Dersom du har spørsmål i saka kontakt rådgjevar Per Sveinar Morsund.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Kopi til:

Alexander Bue Gjerstad

Midtgardshøgda 5915

HJELMÅS

### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



**Kopi til:**

3D

**Mottakarar:**

Villanger & Sønner AS

Knarvik

5914

ISDALSTØ